

## HØYRINGSUTTALE TIL SAKSNR. 202514846

Vatnuttak i Salbuelva og regulering av Ramsgrøvatnet.

### Innleiing

Viser til informasjon på NVE si heimeside som gjeld søknad om konsesjon for uttak av vatn frå Salbuelva og regulering av Ramsgrøvatnet i Hyllestad Kommune, Vestland Fylke.

Underteikna er grunneigar av Ramsgrøvatnet (gnr. 15, bnr 1, Hyllestad Kommune) og dermed berørt part i søknaden frå Salbu Produksjon AS.

### Bakgrunn

I samband med søkaren sitt forarbeid med prosjektet vart eg informert om dåverande planar, og underteikna i 2016 ein intensjonsavtale.

Salbu Produksjon AS fekk innvilga konsesjon 01.07.2020 for «å produsere laksesmolt på industriområde ved Åfjorden».

### Aktuelt

Det føreligg no ein ny søknad om konsesjon for å «produsere settefisk av laks og aure på industriområdet ved munningen til Salbuelva i Åfjorden, samt til å ta ut vatn til å fylle brønnbåtar når vassføringa i Salbuelva tillet det».

Min landbrukseigedom omkransar heile Ramsgrøvatnet . Fv 607 som har ein jevn trafikk av både lokale og turistar, går langs heile vatnet, og det er i nyare tid kome til fastbuande (i søknaden vert det påpeika at det er ingen fastbuande i nærheit til vatnet). Ei eventuell oppdemming/nedtapping vil føre til store negative konsekvensar for dei berørte . Ved ei oppdemming på 70 cm over middelasstand vil båtplass og fleire badeplassar verte liggande under vatn mesteparten av året. Småvegetasjon og skog vert ståande under vatn i lang tid som igjen fører til utdøying. Nedtapping på inntil 100 cm under middelasstand i tørre periodar vil då transformere eit flott naturområde til ein svært synleg «vegetasjonsskyrkjegd».

Det føreligg altså no ein ny konsesjonssøknad frå Salbu Produksjon AS. Eg har ikkje vorte kontakta av selskapet etter forrige konsesjonsrunde. Underteikna hadde dermed ingen kjennskap til dette før eg tilfeldigvis såg offentlig info frå NVE om høyringsuttale.

I konsesjonssøknaden står det og at Salbu Produksjon AS har ein «*langsiktig avtale*» med grunneigar Kjell Horne. Det har eg heller ingen kjennskap til.

### **Konklusjon**

Eg ber derfor at NVE avslår søknaden om konsesjon som fører til regulering av Ramsgrøvatnet.

Mvh

Kjell Horne

*Kjell Horne*